

Plan- og byggeprogram

Fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen)



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE



Innhald

Innleiing	2
Plan- og byggeprogram 2015.....	3
1.0 Byggeprogram 2015.....	4
1.1. Strekningsvise prosjekt.....	4
1.2. Rassikring – finansiert med statleg tilskot.....	8
1.3. Programområde.....	9
1.4 Refusjonar	20
1.5 Standardhevingstiltak – finansiert med statleg tilskot	21
2.0 Planprogram 2015.....	24

Innleiing

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd eit framlegg til Regional Transportplan som er gjeldande for 2013-2024, med tilhørande handlingsprogram for 2013-2017. Handlingsprogram for fylkesvegnettet for perioden 2015-2017 vert no rullert. Handlingsprogrammet legg rammene for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i Hordaland, og er såleis Hordaland fylkeskommune sin gjennomføringsplan for perioden.

Gjennom dei årlege plan- og byggeprogramma blir dei endelege løyvingane til fylkesvegnettet vedteke. Fylkestinget handsamar plan- og byggeprogram for 2015 i desember 2014. Plan- og byggeprogrammet utanfor Bergen 2015 har ei totalramme på 1 231 200 kr som inkl. bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det er sett av ein sum på 126 mill. kr til tyngre vedlikehaldstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 258,8 mill. kr til rassikring.

Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på 716,8 mill. kr. I forslag til budsjettvedtak for 2015 har ein har lagt til grunn denne fordelinga mellom dei ulike investeringsområda på investeringsbudsjettet:

Fordeling i investeringsbudsjettet	
Strekningsvise prosjekt	410,1 mill. kr
Rassikring (mva)	39,7 mill. kr
Programområder (inkl. planlegging)	92,0 mill.kr
Standardheving	121,0 mill.kr
Refusjonar	44,0 mill.kr
Rebudsjettering	10,0 mill.kr
Totalt	716,8 mill. kr

Budsjettet for 2014 vert avslutta ved årsskiftet. Erfaring viser at for ein del prosjekt kjem sluttrekninga det påfølgjande året. Difor løyver fylkeskommunen 10 mill. kr til rebudsjetteringar i 2015 for at vedtekne prosjekt i 2014 skal kunne fullførast utan tilleggsløying på budsjettet. I tillegg har administrasjonen fullmakt til å omdisponere mellom vedtekne prosjekt innafor dei enkelte programområda. Fullmaktene knytt til dette er vedteke i fylkestinget, sak 48/13.

Plan og byggeprogrammet for fylkesvegnettet er inndelt i to dokument:

- Plan og byggeprogram i Bergen (Bergensprogrammet)
- Plan og byggeprogram utanfor Bergen

Dette dokumentet tek føre seg plan- og byggeprogram utanfor Bergen. Plan- og byggeprogrammet er utarbeidd i samarbeid mellom Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune.

Plan- og byggeprogram 2015

Plan- og byggeprogrammet viser kva som skal byggast og planleggast i 2015. Midlane vert fordelt innanfor strekningsviseprosjekt, rassikring, programområder og standardhevingstiltak. Hovudoversikt over midlar til dispensasjon i 2015 er vist i tabellen under.

Alle tal i 1000 kr	Løyving	Bompengar	Andre eks- terne midlar	Til disp. i 2015
Strekningsvise prosjekt	410 100	276 000	13 300	699 400
Rassikring	39 700		219 100	258 800
SUM Prosjekt med eige løyving	449 800	276 000	232 400	958 200
Kollektivtiltak	24 000			24 000
Trafikksikringstiltak	25 600			25 600
Gang- og sykkeltiltak	9 000		1 000	10 000
Miljøtiltak	4 600			4 600
Mindre utbetringer/ til rådvelde	14 000			14 000
Planlegging	14 800			14 800
SUM Programområde	92 000		1 000	93 000
Refusjonar	44 000			44 000
Standardhevingstiltak	125 000		5 000	130 000
Rebudsjettering	10 000			10 000
SUM Fylkesvegar utanfor Bergen 2014	720 800	276 000	238 400	1 235 200
Fylkeskommunale forskottingar	44 000			44 000

1.0 Byggeprogram 2015

1.1. Strekningsvise prosjekt

Tabell 1 Strekningsvise prosjekt 2015

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løyving	Bompengar	Forskot	Tilskot	Til disp. 2015
546	Austevollbrua. Innsparte ferjetilskot	Austevoll	9 900				9 900
567	Hauge - Lonevåg	Osterøy	1 500				1 500
107	Jondalstunnelen	Jondal	1 000				1 000
7/49	Kvammapakken	Kvam	40 000	30 000			70 000
541/542	Bømlopakken	Bømlo	50 000	180 000			230 000
48	Tyssetunellen	Samnanger	98 000				98 000
209	Storskaret Arefjord-pollen	Fjell	50 000				50 000
158	Grindavoll - Lepsøy	Os	30 000				30 000
122	Venjaneset – Strandvik	Fusa	35 700		2 300		38 000
6	Hauglandspakken Sveio - Buavåg	Sveio	6 000	14 000			20 000
567	Hosanger Sentrum	Osterøy	37 000			1 000	38 000
49	Uggdal - Uggdalseidet	Tysnes	19 500				19 500
545	Stord Vestside	Stord/ Fitjar	1 500	14 000			15 500
	Askøypakken	Askøy	6 000	38 000			44 000
	Kollektivterminal, Voss	Voss	2 000				2 000
315	Undergang Ringheims-vegen Voss	Voss	20 000				20 000
563	Rundkøyring Florvåg	Askøy	2 000			10 000	12 000
SUM Strekningsvise prosjekt			410 100	276 000	2 300	11 000	699 400

Fv. 546 Austevollbrua, Innsparte ferjetilskot, Austevoll

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 30 (2004-05) vart det gjorde vedtak om at prosjektet i ein femtenårsperiode skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparte ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5 % per år. For 2015 er tilskotet rekna til 9,9 mill. kr.

Fv. 567 Hauge – Lonevåg, Osterøy

Prosjektet opna i november 2011. Det står att noko kontraktfesta oppfølgingsarbeid med anlegget. Det er behov for 1,5 mill. kr til sluttfinansiering av prosjektet i 2015.

Fv. 107 - Jondalstunnelen, Jondal

Prosjektet vart opna for trafikk 7. september 2012. Det kjem nokre restkostnadar i 2015. Difor er det behov for ei løyving på 1 mill. kr i 2015.

Fv. 7/49 – Kvammapakken, Kvam

Kvammapakken er eit bompengeprosjekt for å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken er sett til 440 mill. 2009-kroner. Om lag 90 pst av finansieringa er bompengar, og resterande 10 pst er fylkeskommunale midlar.

Det er sett i gang arbeid på delar av fv. 49 Lingaparsellen, og ein ventar ferdigstilling av heile strekninga våren 2015. I 2015 skal ein starte opp arbeid på deler av strekninga Nes - Skipadalen. Heile strekninga er venta ferdig i 2016. Samtidig planlegger ein å gjere nokre utbetringer på strekninga frå Øystese mot Skarpasvingen. Reguleringsplan for fv. 7 Kvamskogen er venta godkjent i 2014. Ein treng noko tid for å gjere grundige grunnundersøkinga. Byggeplan vil først verte klar sommaren 2015. Ein kan kome i gang med arbeidet hausten 2015.

Gjennomføring av dei øvrige prosjekta i pakken må ein sjå i forhold til andre pågående prosjekt på Fv. 7. Dei kan starte opp i 2015 dersom ein kan oppretthalde ein forsvarleg avvikling av gjennomgangstrafikk på heile strekninga. Dette må vurderast når framdriftsplan frå entreprenørar er klar for Nes -Norheimsund, samt rassiksingsprosjektet ved Lussandberget. Fylkesrådmannen set opp 70 mill. kr i 2015, 100 mill. kr i 2016 og 73 mill. kr i 2017.

Fv. 541/542 – Bømlopakken, Bømlo

Bømlopakken er eit bompengeprosjekt for å utbetre og trafikksikre delar av vegnettet i Bømlo kommune. Bompegeinnkrevjinga starta då Trekantsambandet vart nedbetalt våren 2013. Det er sett opp bomstasjon på Fv. 542 Spissøy og på ferja Langevåg - Buavåg. Innkrevjinga starta opp 2. mai 2013, og innkrevningsperioden vil vera 15 år.

Det er venta full produksjon på prosjekta Stokkabekken – Siggjarvåg, Hestaneset – Tjong og Klubbo i 2015. Budsjettet for dei neste åra er avhengig av at reguleringsplan for Røyksund bru vert godkjent. Fylkesrådmannen set opp 230 mill. kr i 2015, 240 mill. kr i 2016, 250 mill. kr i 2017 og 110 mill. kr i 2018.

Fv. 48 – Tyssetunnelen, Samnanger

Føremålet med prosjektet er å avlaste Tysse sentrum for gjennomgangstrafikken, utbeta og trafikksikre vegen. I tillegg er det eit mål å utbetre tilhøva for gåande og syklande mellom den kommande tunnelen og Frølandsvatnet. Prosjektet vart endeleg godkjent i fylkestinget i mars 2012 med eit kostnadsoverslag på 430 mill. 2011-kroner.

Prosjektet vert finansiert med fylkesvegmidlar. Lokale krefter har forskottert 100 mill. kr som vart nytta i starten av byggeperioden. Det er no klart at prosjektet kostar meir enn føresett. Dette kjem av at dei geotekniske undersøkingane i planfasen ikkje var gode nok. Steinmassane hadde ikkje den kvaliteten ein forventa til å leggje fundament for vegen, eller gang- og sykkelvegen mot Frølandsvatnet. Prosjektet må som konsekvens kjøpe inn kvalitetsstein. I tillegg må uventa lausmassar lagrast og naglast. Alt dette har medført at entreprenør får meir arbeid enn avtalt. Vegvesenet forhandlar med entreprenøren om tilleggsarbeidet. Det er framleis krav frå entreprenør som ikkje er med i totalkostnadane for prosjektet. Det er vel 110 mill. kr i kostnadsauke på prosjektet totalt når ein korrigerer for prisauke og auke i meirverdiavgifta i 2013.

Tiltaket skal stå ferdig sommaren 2015. I 2014 er prognosen på 275 mill. kr. Fylkesrådmannen set opp 98 mill. kr i 2015 til å ferdigstille prosjektet.

Dei totale kostnadane vert no i løpende kroner slik tabellen under viser.

Forbruk, år	Tal i 1000 kr
2010	100
2011	6 800
2012	42 700
2013	216 200
2014, prognose	275 000
2015, prognose	98 000
Totalt	638 800

Fv. 209 - Storskaret – Arefjordpollen, Fjell

Tiltaket omfattar bygging av ca 1 km ny veg frå Rv. 555 ved Arefjorden til Fv. 209 ved Storskaret. Det er planlagt å byggje samanhengande gang- og sykkelveg samstundes. I 2013 vart det løyvd totalt 152 mill. kr for åra

2014 og 2015. I 2014 vert det brukt 7,6 mill. kr til prosjektering og grunnerverv. Tiltaket skal etter planen lysast ut i februar 2015, men hovudproduksjonen av tiltaket skjer i 2016. Fylkesrådmannen set av 50 mill. kr i 2015 og dei resterande vel 100 mill. kr i 2016.

Fv. 158 – Grindavoll – Lepsøy, Os

Tiltaket omfattar utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg. Strekninga frå Grindavoll til Lepsøy bru er om lag 3,5 km lang og kan byggjast ut stegvis. Det er naturleg å dele strekninga inn i tre deler:

- Delstrekning 1: Grindavollen – Falkavegen (1,15 km)
- Delstrekning 2: Falkavegen – Blindsundet (1,2 km)
- Delstrekning 3: Blindsundet – Lepsøy bru (1 km)

Reguleringsplanen for strekninga Grindavollen – Blindsundet vart godkjent i 2013. På Lepsøy er det ein gammal reguleringsplan. Prosjektering og kostnadsoverslag for delstrekning 1 og 2 vert ferdig hausten 2014. Det vil medføre store inngrep og kostnader på delstrekning 3 dersom tiltaket skal prosjekterast etter gammal reguleringsplan. Difor vil ein i staden prosjekttere utbettlingspunkter for delstrekning 3.

Utbygging av heile strekninga på vel 3,5 km vil koste meir enn vedteken ramme. Det må takast stilling til kva som skal byggast på dei tre delstrekningane før utlysning. I 2013 vart det løyvd totalt 71 mill. kr. I 2014 er prognosene 5,4 mill. kr. Budsjettforslag for 2015 og 2016 er basert på kva ein går ut frå ein kan produsere i 2015 og kva som står att av ramma i 2016. Fylkesrådmannen set av 30 mill. kr i 2015 og dei resterande 36 mill. kr i 2016.

Fv. 122 – Venjaneset –Strandvik, Fusa (Fusa –Skåte)

Tiltaket gjeld utbetring av eksisterande veg og etablering av ny gang- og sykkelveg. Parsellen er 2,3 km lang og er siste del av opprustinga av strekninga Venjaneset – Strandvik (med unntak av 300 meter ved Jordmorsvingen). Dette vil gje god standard på heile strekninga Venjaneset – Strandvik som er på vel 11 km.

Fylkestinget godkjente i 2007 ei forskotering frå Fusa kommune, Fusa kraftlag og Frank Mohn Fusa AS på 15 mill. kr til dette tiltaket. Kostnadsoverslag viser at dei totale kostnadane i prosjektet er 66 mill. kr inkludert auke i meirverdiavgift. Det vart brukt vel 2,8 mill. kr av prosjektering i 2013. Ein reknar med at 12,4 mill.kr av forskotet vert nytta i 2014. Totalt er det venta å bruke 26 mill. kr i 2014, og det er behov for å setje opp resten av løyinga på 38 mill. kr i 2015 der 2,3 mill. kr er forskot.

Fv. 6 Sveio - Buavåg, Sveio (Haugalandspakken)

Utbetring av Fv. 6 Buamyr – Grimstveit er prioritert i Haugalandspakken. Tiltaket inneber utbetring av denne vegstrekning mellom Sveio og Buavåg. Sveio kommune har stått for utarbeidingsa av reguleringsplan for prosjektet. Det er kome klage på reguleringsplanen som no vert handsama av Fylkesmannen. Nytt kostnadsanslag viser at tiltaket totalt kjem på 29 mill. kr. Det er sett av 21 mill. kr i bompengar til tiltaket. Fylkesrådmannen har sett av dei resterande 8 mill. kr til tiltaket av fylkeskommunale midlar. På grunn av at det har teke tid med å få fram godkjent reguleringsplan har prosjektet blitt stadig utsett. Ein reknar med oppstart hausten 2014 og ferdigstilling i november 2015. Venta forbruk er 4 mill. kr i 2014. Fylkesrådmannen set opp 20 mill. kr og 5 mill. kr i 2016.

Fv. 567 - Hosanger Sentrum, Osterøy

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetre/trafikksikre vegen og ei bru. Det vart gjort kostnadsoverslag på tiltaket i 2013 med ein venta kostnad på vel 45,3 mill. kr. I 2013 vart det brukt vel 2,3 mill. kr., og i 2014 vert det brukt vel 6 mill. kr. Fylkesrådmannen set opp restløying på 38 mill. kr i 2015. Av desse er 1 mill. kr eit tilskot frå Osterøy industrilag.

Fv. 49 – Uggdal – Uggdalseidet, Tysnes

Føremålet med tiltaket er å trafikksikre vegen med gang- og sykkelveg for skulebarn på ei strekning på til saman 2 km. Samstundes vil ein gjere nokre utbetringar på vegen. Nytt kostnadsanslag viser at tiltaket vil koste 34 mill. kr. Det vart brukt 2,8 mill. kr i 2013. Tiltaket kom sein i gang i 2014, og det er venta eit forbruk på 12 mill. kr. Fylkesrådmannen set opp dei resterande 19,5 mill. kr i 2015 til å slutføre arbeidet.

Fv. 545 – Stord Vestside, Stord

Fylkestinget handsama i juni 2011 bompengesøknaden «Bompengepakke Stord vestside». Den 21. september 2012 vart St. prp 149 S (2011-2012) Finansiering av Fv. 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland vedteke med følgjande finansieringsplan: Vel 41 mill. kr frå bompengar, og 18 mill. kr i fylkeskommunale løyvingar der

10 mill. kr er forskoteringsmidlar frå Midtfjellet Vindmøllepark AS. Totalramma for prosjektet var på 59 mill. kr. Dette er ikkje nok til å realisere alle tiltaka. Fylkestinget vedtok i sak 29/2014 å sende ny søknad om å utvide innkrevjingstida med to år. Det er venta vedtak i Stortinget hausten 2014. Dersom søknaden vert godkjent vil ein kunne gjennomføre alle dei prioriterte tiltaka. I tillegg er det mogleg å gjennomføre eit ekstra tiltak i Sagvåg sentrum.

Ei godkjenning av søknaden i Stortinget inneber at ein kan måtte justere budsjettet i 2015. Foreløpig set fylkesrådmann av 15,5 mill. kr til å ferdigstille Sagvåg bru og til prosjektering og grunnerverv på strekninga Rimbareid – Vik i 2015, og dei resterande 35,5 mill. kr i 2016.

Askøypakken, Askøy

Askøypakken vart vedteken 27. september 2013 i Prop. 197 S (2012-2013) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken. Finansieringsplanen omfattar eit kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar utgjer 1 120 mill. kr.

Askøy kommune har fått godkjent søknadar om å forskotere fleire prosjekt. Askøy kommune står for totalt 17,5 mill. kr i forskoteringar. I følgje St. prop skulle forskoteringane tilbakebetalast etter kvart som fylkeskommunen sine løyingar vert sett opp i perioden etter 2018. Fylkestinget vedtok i sak 8/2014 å tilbakebetale forskotet på totalt 17,5 mill. kr i 2014. Denne utbetalinga vert ikkje rekna som del fylkeskommunens bidrag til Askøypakken på 420 mill. kr. Avtalar med Askøy kommune om forskoteringar vert no ivaretatt ved at fylkeskommunen kjem inn med eigne midlar tidlegare i pakken.

I 2015 er det i hovudsak prosjektering, grunnerverv og riving av hus som er planlagt. Det er forventa oppstart på Fv. 563 Strømsnes – Hop og Fv. 562 Slettebrekka i 2015 og full produksjon i 2016. I 2016 er det venta oppstart av Fv. 213 Marikoven – Skiftesvik og Fv. 562 Fromreide – Kjerrgarden. Kollektivtiltak og eventuelle andre tiltak kan starte frå 2016.

Fylkesrådmann set opp 44 mill. kr i 2015, 236 mill. kr i 2016, 351 mill. kr i 2017 og 255 mill. kr i 2018.

Fv. 315 – Undergang Ringheimsvegen, Voss

Prosjektet inneber å byggje ein undergang under jernbana på Ringheimsvegen. Dette vil betre framkomme og gjere det meir trafikksikkert for gåande og syklende i sentrum. Det vart løyvd 5,1 mill. kr i 2012 til prosjektet. I 2013 fekk ein nytt kostnadsoverslag på 17 mill. kr. Ein løfta difor prosjektet ut frå programområdet G/S til store strekningsvise prosjekt. Tilbod som kom inn i 2014 var på 27 mill. kr. Det vert no forhandla med entreprenør. Fylkesrådmannen set av 20 mill. kr i 2015 til å gjennomføre tiltaket.

Kollektivterminal Voss

Det har vore ei planleggingsgruppe med m.a Jernbaneverket, Rom Eigedom, Voss kommune, private og Statens vegvesen som har arbeidd fram planar for stasjonsområdet på Voss. Det er ein godkjent reguleringsplan for ein kollektivterminal for bussar knytt opp mot jernbanen. Det er lagt opp til at det skal vere ei kostnadsdeling 50/50 mellom riksvegar(stat) og fylkeskommunen. I 2014 vert tiltaket prosjektert. Staten har budsjettert totalt 15 mill. kr i 2017 (1 mill. kr) og 2018 (14 mill. kr). Prosjektering av tiltaket føregår i 2014 og vil verte ferdig om lag februar 2015. Prosjektet må avklarast med samarbeidspartar så utlysing og byggestart kan truleg skje først hausten 2015. Kostnadsoverslaget vert klart tidleg 2015. Før kostnadsoverslaget er klart budsjetterer ein ut frå at staten har løyvd totalt 15 mill. kr og at fylket etter avtale skal bidra med tilsvarande.

I 2014 går det med 1,2 mill. kr til prosjektering. Fylkesrådmannen set av 2 mill. kr i 2015 og dei resterande vel 12 mill. kr i 2016 til bygging. Dette føreset at staten kjem inn samstundes med sine midlar og då framskundar prosjektet i handlingsprogrammet for NTP.

Fv. 563 Rundkøyring Florvåg, Askøy

Det er eit rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Florvåg om å bygge ei rundkøyring på fylkesvegen som kryss- løysing til industriområdet tilhøyrande Frank Mohn Eigedom AS. Rundkøyringa er kostnadsrekna til om lag 30 mill. kr. Frank Mohn AS søkte om å gje tilskot til utbygginga på 25 mill. kr og fylkestinget løyvde dei resterande 5 mill. kr. I 2014 vert brukt 18 mill. kr og fylkesrådmannen set opp 12 mill. kr i 2015. Frank Mohn Eigedom AS har søkt om fylkesvegmidlar i form av 15 mill. kr som forskotering til tiltaket. Søknaden vert lagt fram for fylkestinget i desember 2014, og handsama i samsvar med prinsipp som vart vedtekne av fylkestinget i sak 61/2014.

1.2. Rassikring – finansiert med statleg tilskot

Prosjekta på denne budsjettposten vert finansiert innanfor den statlege tilskotsordninga for rassikring av fylkesvegar. I notat frå Vegdirektoratet av 27. september 2013 er fylkeskommunen orientert om at det for planperioden 2015-2017 vert stilt til rådevælvde statlege midlar til rassikring av fylkesvegane. Førebels har Hordaland fått ei planleggingsramme på 308 mill. 2015-kr for perioden.

Dei statlege midlane er netto tilskot. Fylkeskommunen løyver difor meirverdiavgift i tillegg. Dette får fylkeskommunen kompensert for i ettertid.

For 2015 vert det foreslått slike rassikringstiltak:

Tabell over prioriterte rassikringsprosjekt (tall i 1000)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Statleg til-skot 2015	Løyving 2015	Til disp. 2015
572	Eddagjelet/Torgilsberget	Ulvik	900	100	1 000
7	Haukanesberget	Granvin	88 000	16 000	104 000
7	Lussandberget	Granvin	127 000	23 000	150 000
	Diverse tiltak		3 200	600	3 800
SUM Rassikring			219 100	39 700	258 800

Fv. 572 Eddagjelet/Torgilsberget, Ulvik

Arbeidet med rassikring av Eddagjelet var ferdig hausten 2013. Det er kome krav om nytt radiobygg på utsida av tunnelen i samband med nytt naudnett. Det vert budsjettert med 1 mill.kr i 2015.

Fv. 7 Haukanesberget, Granvin

Rassikringstiltaket forbi Haukanesberget omfattar ein tunnel på 1360 m og ca 940m veg i dagen. Samla kostnad med tiltaket inkl mva og byggherrekostnader er rekna til ca. 273 mill.kr. Arbeidet starta opp hausten 2013 og det er rekna to års byggetid. Planlagt vegopning er seinhaustes 2015. I budsjettet for 2015 vert det ført opp 104 mill.kr og restkostnad/sluttkostnad på ca 5 mill.kr i 2016.

Fv. 7 Lussandberget, Granvin

Prosjektet omfattar bygging av ein tunnel på 1565 m med tunnelprofil T8,5, dvs 8,5 meter breidde, og ca 865 meter veg i dagen inkl ei bru på 86 meter vest for Lussand. Det er vert ikkje bygd gang og sykkelveg gjennom tunnelen. Gang og sykkelvegen vert på gamlevegen og denne vert stengt om vinteren. Tiltaket vart lyst ut som totalentrepriise våren 2014 og det kom inn to anbod. Av formelle grunnar vart begge anboda forkasta, jfr referatsak 107/2014 i fylkesutvalet. Tiltaket vart lyst ut på nytt i september 2014, og ein rekna med oppstart tidleg i januar 2015 med ei byggetid på to år. Det vert sett av 150 mill.kr i 2015 og 138 mill.kr i 2016 og restløyving 5 mill.kr i 2017. Budsjettet må evt justerast når anboda kjem inn.

Mindre rassikringstiltak

Denne posten skal dekke kostnadene med sikring av mindre raspunkt på heile fylkesvegnettet i Hordaland. Ofte oppdagar ein mindre raspunkt når vegen vert rydda etter mindre nedfall Stein på vegen.. Det vert ført opp 3,8 mill.kr i 2015.

1.3. Programområde

Forslag til tiltak her utgjer 92 mill. kr. I tillegg er det eksterne tilskot på fleire prosjekt på til saman 5 mill. kr. Utover dette er det ein rebudsjetteringspost knytt til programområda som er tenkt skal gå til vedtekne prosjekt på Plan- og byggeprogrammet i 2014 som er forseinka.

Programområda er ei sams nemning for ulike tiltakstypar og dei har slik inndeling:

- Kollektivtiltak (1.4.1)
- Trafikksikring (1.4.2)
- Gang- og sykkelvegar (1.4.3)
- Miljøtiltak (1.4.4)
- Mindre utbetringar/til rådvelde (1.4.5)
- Innloysing av hus (1.4.6)

Rammene er forankra i handlingsprogram, jf vedlegg til Regional transportplan 2013 -2017.

1.3.1 Kollektivtiltak

Det er eit stort behov for å utbetre haldeplassar, terminalar og knutepunkt. Bakgrunnen for dette er krav til universell utforming og betre trafikktryggleik for dei kollektivreisande. Alle haldeplassar som har plattform (fortau) skal ha universell utforming. Det er då spesielt viktig å utbetre haldeplassar som er mykje brukt, som ligg nær servicefunksjonar og der det er passasjerar med spesielle behov.

Ny kollektivterminal på Voss er det største kollektivtiltaket i dette programmet i 2015. Dette tiltaket er omtalt under strekningsvise prosjekt tidlegare i dokumentet. Det vert og vist til handlingsplanen for Kollektivstrategi for Hordaland.

Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen har fått utarbeida ein rapport som kartlegg behov for kollektivtiltak i Nordhordland. Arbeidet tok til på initiativ frå operatøren (Nobina). Skyss, Statens vegvesen, kommunane og fylkeskommunen har med støtte frå konsulent delteke i arbeidet som vart avslutta med ei synfaring. Rapporten gjev eit godt grunnlag for prioritering av kollektivtiltak i Nordhordland i åra som kjem. Ein del av dei aktuelle tiltaka fell inn under standardhevingstiltak.

Tabell over prioriterte tiltak (tall i 1000 kr)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løyving 2015	Til disp. 2015
	Terminaler, venterom, knutepunkt, innfartsparkering, snuplass		9 700	9 700
546	Terminal Storebø ungdomsskule	Austevoll		
48	Valen sjukehus	Kvinnherad		
367/372	Raknes og Bernes	Osterøy		
546	Hufthammar	Austevoll		
360	Bruvik	Osterøy		
	Oppgradering av haldeplassar (UU og TS)		11 600	11 600
541/542	Oppgradering av haldeplassar Bømlo	Bømlo		
545	Rydland og Fitjar sentrum	Fitjar		
561	Morlandstø	Fjell		
107	Sætveithagen - opparbeiding holdeplass	Jondal		

7	Eikedalen	Kvam		
48	Valen skule og Seim/Lund	Kvinnherad		
7	Gullbotn	Bergen		
67/545	Nysæther og Meatjørn	Stord		
9/47/541	Valebygda, Vågedalen og Vikse skule	Sveio		
Busskur				
	Etablere busskur på haldeplassar utan busskur		2 400	2 400
	Bytte av eksisterande busskur		300	300
SUM Kollektiv			24 000	24 000

Prioriterte prosjekt i 2015

Fv. 546 - Kollektivterminal Storebø ungdomsskule, Austevoll

Godkjent reguleringsplan ved Austevoll ungdomsskule har føremål å opparbeide parkering, gang- og sykkelveg samt busslomme ved Fv. 546. Planen har rekkeføljekrav og kommunen ser at heile planområdet bør opparbeidast samla. Estimerte totalkostnader er på 8,5 mill. kr inkludert mva for fylket sin del. Arbeidet startar hausten 2014 og det går med 2,5 mill. kr. Det er behov for å sette opp 6 mill. kr i 2015.

Fv. 48 – Valen sjukehus

Etablere snusløyfe for buss nedanfor Valen sjukehus.

Fv. 367/372 Raknes og Bernes, Osterøy

På Raknes er haldeplassen for buss lite egna slik den er i dag. Dette kan utbetraast ved å etablere ei snusløyfe i området. Tiltaket krev noko grunnever og kostnad er rekna til 1,2 mill. kr totalt. På Bernes er det få høve til å kunne foreta forbikøyringar. Det er og behov for å betre snuforholda slik at bussen kan snu utan å rygge. Kostnad er berekna til 1,2 mill. kr.

Fv. 546 Hufthammar, Austevoll

Det er behov for å finne betre løysing for buss på ferjekaien på Hufthammar. I dag vert kollektivreisande sett av eit stykke frå kaia. Det er noko usikkert kva som kan gjerast og kostnadar, difor set ein av midlar til prosjektering i 2015 og bygging i 2016. Det vert set av 0,3 mill. kr i 2015.

Fv. 360 Bruvik, Osterøy

Bussen må rygge for å snu ved Olsnesskiftet. Spesielt for skulerutene er det fare for at det oppstår farlege situasjonar når bussen ryggar midt i krysset der born står. Det er behov for å sette opp tre lysmaster slik at tryggleiken vert ivaretatt på ein betre måte. Kostnaden er rekna til 0,3 mill. kr.

Fv. 541/542 Oppgradering av haldeplassar, Bømlo

Det er behov for oppgradering av to haldeplassar på Fv. 541 ved Stautland og Hidle. På Fv. 542 ved Moster, Sigjo og Hollundskjosen er det behov for eit par nye haldeplassar. Det vert set av 2,4 mill. kr i 2015 og dei resterande 0,7 mill. kr i 2016.

Fv. 545 Rydland og Fitjar sentrum, Fitjar

Det er behov for å etablere ei ny busslomme i sørgåande retning og utbetre busslomma i nordgåande. Det er mange born som skiftar buss på staden, og vegen er utan vegskulder. Kostnad er rekna til 1,2 mill. kr. I tillegg er det behov for 2 nye haldeplassar ved gravplassen i Fitjar sentrum. Totalt vil tiltaka koste 1,6 mill. kr.

Fv. 561 Morlandstø, Fjell

Det er behov for å flytte ein haldeplass og ruste opp ein annan haldeplass på Morlandstø. Tiltaket vil koste om lag 1,2 mill. kr.

Fv. 107 Sætveithagen, Jondal

Det er behov for å opparbeide ein ny haldeplass i Sætveithagen. Det vert sett av 0,8 mill. kr til tiltaket.

Fv. 7 Eikedalen, Kvam

Busstoppet manglar busskur, og vegen har ikkje vegskulder. Ettersom busstoppet ligg på ei av få rette strekningar i området vert den brukt som forbikøyingsstrekning, noko som fører til farlige situasjonar når bussen står i vegbana. Det er behov for å bygge ei busslomme med busskur. Kostnad er rekna til 0,5 mill. kr.

Fv. 48 Valen skule og Seim/Lund, Kvinnherad

Det er behov for å utvide busslomma ved Valen skule. Det må søkast dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan. Kostnad er rekna til 0,8 mill. kr. På Seim/Lund er det naudsynt å flytte haldeplassen og tilretteleggje for gang- og sykkelveg. Tiltaket her vil koste om lag 0,5 mill. kr. Totalt vert det sett av 1,3 mill. kr til tiltaka.

Fv. 7 Gullbotn, Samnanger

Det er behov for å tilretteleggje for at bussar kan stoppe ved kafébygget utan å stå i vegbana. Ein må ta vekk rekkverk. Tiltaket vil koste om lag 0,7 mill. kr.

Fv. 67/545 Nysæther og Meatjørn, Stord

Det er behov for å universelt utforme to eksisterande haldeplassar. Tiltaka vil koste totalt 0,6 mill. kr.

Fv. 9/47/541 Valebygda, Vågedalen og Vikse skule, Sveio

Ved Valebygda er det behov for å flytte haldeplass og busskur. Tiltaket vil koste om lag 0,5 mill. kr. Ved Vågedalen er det behov for å oppgradere ei busslomme og etablere 3 busskur. Kostnadsramma er på om lag 1 mill. kr. Ved Vikse skule er busshaldeplassane ikkje universelt utforma. Oppgradering vil koste om lag 1 mill. kr.

Diverse oppgraderingar av haldeplassar

Passasjerar, kommunar og driftsoperatørar gjev stadig innspel om stader der det trengs å gradere opp haldeplassar. SVV og Skyss har med bakgrunn i dette utarbeidd ei liste over stader der ein med relativt låge kostnader kan gjennomføre slike tiltak. Desse stadene trengs det ikkje reguleringsplan eller å gjere grunnerverv. Det vert med utgangspunkt i dette føreslått at det vert sett av følgjande:

- Etablere busskur på haldeplassar som i dag ikkje har busskur
Det vert føreslått at kr. 2,4 mill. kr settast av til dette formålet. Mellom anna har følgjande haldeplassar behov busskur (lista er ikkje uttømmande):
 - Fv. 151 Vågen, Fv. 155 Vassnes, Fv. 155 Kolbeinsvik, Fv. 546 Naustheller, Fv. 546 Haugen (Austevoll)
 - Fv. 15 Moster/Hestavollen (Bømlo)
 - Fv. 346 Mo skule (Modalen)
 - Fv. 67 Litlabøvegen (Stord)
 - Fv. 6/8 Kryss Straumøy (Sveio)
 - Fv. 83 Avkjørsel Færavåg (Tysnes)
 - Fv. 566 Hannisdal (Osterøy)
- Bytte eksisterande busskur
Det vert føreslått at kr. 0,3 mill. kr settast av til dette føremålet.

1.3.2 Trafikksikring

Trafikksikringsarbeidet byggjer på nullvisjonen, og er underlagt overordna mål på nasjonalt og regionalt nivå. I Nasjonal Transportplan 2010-2019 (NTP) er nullvisjonen lagt til grunn for trafikksikringsarbeidet. Det er særleg fokus på reduksjon i drepne og hardt skadde. I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 er det følgjande tre særskilte satsingsområde:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i byområde

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har eit overordna ansvar for trafikktryggleiken i fylket, og følgjer på ein særleg opp satsingsområda i handlingsplanen både gjennom fysiske og haldningsskapande trafikksikringsprosjekt. Tilskotsordninga til mindre fysiske trafikksikringstiltak i kommunane og Trafikksikker kommune

prosjektet er to av dei viktigaste FTU-prosjekta i 2015. Desse prosjekta (FTU) er finansiert over driftsbudsjettet, medan dei fysiske trafikksikringstiltaka er finansiert over programområdet i Plan- og byggeprogrammet.

Om dei ulike type tiltaka

Tiltak etter Ts -inspeksjon - Tiltak på utvalde ulukkestrekningar. Oftast mindre tiltak innanfor eigen veggrunn. Dei vanlegaste tiltaka er sikring av sideterrengr (rekkeverk, støtputer, fjerne stolpar og trær, pigge av utstikkande fjellknausar, jordvoll mot fjellskjæring og slake ut grøfter). Andre aktuelle tiltak er siktrydding mot kryss og gangfelt, betre skilting, forsterka belysning og justering av kryss/avkjørslar/ gangfelt.

Midtrekkverk og midtmarkering - Tiltak på utvalde strekningar med potensiale for alvorlege møteulykker. Normalt vegar med fartsgrense over 60 km/t og med høg ÅDT. Dei vanlegaste tiltaka er fysiske midtrekkverk, oppmerka midtfelt (bredde opp til 1 m) og profilert midtmerking.

Fartsregulering - Fysisk fartsreduksjon ved bruk av humpar, heva gangfelt og puter. Skilting av lågare fartsgrense (ofte kombinert med tiltaka over).

Signalregulerte gangfelt - Signalregulering av gangfelt der fartsnivået er høgt og der det er høg ÅDT (over 8 000).

Sikring av kryssingspunkt - Etablere nye gangfelt. Siktutbetring, betre skilting, betre belysning, montering av ledegjerder, etablering av midtøy og universell utforming. Ofte tiltak i kombinasjon med fartsregulering.

Gang- og sykkelveg - Gang- og sykkelvegar eller fortau. Med vekt på strekningar der desse kan binda saman eksisterande anlegg eller på stadar der dette vil føra til færre kryssingar av bilvegen. Også aktuelt med oppgradering av eksisterande anlegg som for eksempel endring frå fortau til gang- og sykkelveg.

ATK og fartvisningstavler - Oppsetting av nye automatiske fartskontrollboksar (ATK) der kriteria fastsett av Vegdirektoratet er til stades. Ta initiativ til etablering av streknings-ATK på utvalde strekningar. Oppsetting av fartvisningstavler der kriteria fastsett av Vegdirektoratet er til stades.

Utbetring av ulukkespunkt - Ombygging av definerte ulukkespunkt (minst 4 ulukker innafor 10 m i løpet av 5 år). Mindre utbetringar på stader der etterforsking etter dødsulukker viser at det er manglar ved vegsystemet.

Vegbelysning - Veglys på ubelyste vegar eller opprusting av gamle lysanlegg. Særleg fokus på kryssingspunkt for mijuke trafikantar og på strekningar som ikkje har separert anlegg for fotgjengarar/syklistar.

Andre utbetringar på veg - Tiltak som ikkje fell under dei andre områda, men som likevel reknast å gje auka sikring. Eksempel kan vera utretting av skarpe kurver, oppjustering av busstopp, sykkelfelt og ulike skiltreguleringar som parkeringsregulering, forkjørsvag og full stopp.

Tabell over prioriterte tiltak (tal i 1000 kr)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løying 2015	Til disp 2015
	Redusering i tal utforkøyrings- og møteulykker og redusering av skadegrad			
	Tiltak etter trafikksikkerhetsinspeksjon		7 500	7 500
570	Mollandsvåg - Sogn gr.: 11,8 km	Masfjorden		
550	Aga - Kråkevik	Ullensvang		
44	Sunde - Husnes	Kvinnherad		
7	Steinsdalen	Kvam		
562	Åsebø - Fromreide - 5,0 km	Askøy		

Betre sikring av fotgjengarar, (særleg eldre)				
	Fartsregulering (inkl.sikt-/skiltutbedring)		1 400	1 400
212	Idrettsomr. Strusshamn	Askøy		
102	Opedal skule,	Ullensvang		
158/157	Lepsøy kai - Røttinga	Os		
360	Haus kai til Hetlevikhuset	Osterøy		
	Signalregulerte gangfelt		1 300	1 300
561	Morlandstø	Fjell		
	Sikring av kryssingspunkt		4 650	4 650
49	Framnes skule v/busstopp	Kvam		
307	Palmafossen skule og Voss Møbel og Tre - Kiwi	Voss		
48	Gjermundshamn fergeleie	Kvinnherad		
44	Husnes	Kvinnherad		
244	Sagstad skule	Meland		
565	Hillandsfeltet	Lindås		
565	Årås	Austrheim		
564	Fossekrysset	Meland		
546	Storebø	Austevoll		
545	Justadgjerdet	Stord		
552	Os sentrum	Os		
	Siderekkverk		1 150	1 150
	Div siderekkverk			
	Gang og sykkel		500	500
572/301	Bru over Gauro og Vambheimselva	Ulvik		
Reduksjon, øvrige ulykkesgrupper				
	Utbetring av ulykkespunkt		1 800	1 800
569	Tretteneset	Vaksdal		
7	Ålvik	Kvam		
	Diverse utbetring av ulykkespunkt			
	Vegbelysning		4 250	4 250
391	Mundal - Leknes skule	Lindås		
49	Gjerstad – Gjersvik	Tysnes		
310	Rokne - Haug, Bordalen	Voss		
565	Manger og Marås (0,35 km)	Radøy		
	Vegbelysning Sunnhordaland			

	Andre utbetringar på veg		3 050	3 050
	Strakstiltak i samsvar med Ts-plan	Austrheim		
	Strakstiltak i samsvar med Ts-plan	Lindås		
	Div tiltak Bergensområdet			
48	Gaupholm	Fusa		
SUM Trafikksikring			25 600	25 600

Prioriterte prosjekt i 2015

Tiltak etter trafikksikringsinspeksjon

Fv. 570 Mollandsvåg – Sogn, Masfjorden

Det er ei strekning på 11,8 km der det har vore fleire alvorlege ulykker. Det vert gjennomført TS-inspeksjon på strekninga med særleg fokus på rekkrverk og sideterreng. Det vert sett av 2 mill. kr i 2015 til å gjennomføre tiltak etter inspeksjon.

Fv. 550 Aga – Kråkevik, Ullensvang

Dette er ei strekning med smal veg og dårlig framoversikt i kurver. Det vert gjennomført TS-inspeksjon med fokus på standardsprang, og utbetring der det er mogleg. Det vert sett av 1,5 mill. kr til tiltak etter inspeksjon.

Fv. 44 Sunde – Husnes, Kvinnherad

Dette er ein samleveg for ein del av busetnaden på Husnes. Det er til tider relativ stor trafikk, sjølv om fartsnivået ikkje er så høgt. Sideterrenget har ført til alvorlege ulykker ved utforkjøring. Det vert gjennomført TS-inspeksjon med fokus på sideterreng, og det er behov for tiltak i form av rekkrverk og utslakking av skråningar. Det vert sett av 1 mill. kr i 2015 og 0,5 mill. kr i 2016 til tiltak etter inspeksjon.

Fv. 7 Steinsdalen, Kvam

I Steinsdalen er det eit dårlig rekkrverk som skil gang- og sykkelvegen frå fylkesvegen. Tokagjelet har dårlig horisontalkurvatur og gamle, mørke tunnelar. Det vert gjennomført TS-inspeksjon med fokus på utbetring av rekkrverksavslutningar, portalrekkrverk i Tokagjelet og andre strakstiltak. Det vert sett av 2 mill. kr i 2015 og 1 mill. kr i 2016 til tiltak etter inspeksjon.

Fv. 562 Åsebø – Fromreide, Askøy

Dette er ei strekning med 16 ulykkene i perioden 2004-2013. Fleire av ulykkene har vore alvorlege. Over 60 pst av ulykkene skuldast utforkjøring. Det vert gjennomført TS-inspeksjon med særleg fokus på rekkrverk og side-terreng. Det vert sett av 1 mill. kr i 2015 og 3 mill. kr i 2016 til tiltak etter inspeksjon.

Fv. 212 Idrettsområde Strusshamn, Askøy

Dette er eit kryssingspunkt med så mange kryssingar at det er grunnlag for oppmerking av gangfelt. Det er behov for å gjere fartsdempande tiltak i form av fartshumper og nedsetjing av fart. Det er behov for 0,65 mill. kr i 2015.

Fv. 102 Opedal skule, Ullensvang

Det er ein smal veg med generell fartsgrense som nyttast til skuleveg. Tiltaket er å redusere fartsgrense og etablere fartshumper. Det er behov for vel 0,3 mill. kr til tiltaket.

Fv. 158/157 Lepsøy kai – Røttinga, Os

Det er eit lite oversiktleg kryss der det er dårlig belysning og den manglar vegoppmerking. Det er behov for å stramme opp kryssområdet med vegoppmerking og busslomme. Det er behov for 0,3 mill. kr til å gjere tiltak her i 2015.

Fv. 360 Haus kai til Hetlevikhuset, Osterøy

Det er behov for å fartreduserande tiltak på strekninga for å sikre forholda for gåande. Det er behov for vel 150 tusen kr til tiltaket.

Signalregulerte gangfelt

Fv. 561 Morlandstø, Fjell

Samstundes som ein flytter ei busslomme her med kollektivmidlar er det naudsynt å sette opp eit signalregulert gangfelt. Det er behov for 1,3 mill. kr i 2015 til gangfeltet.

Sikring av kryssingspunkt

Fv. 49 Framnes skule, Kvam

Det er behov for å etablere ei betre sikring for kryssing av vegen for fotgjengarane. Det vert sett av 0,3 mill. kr til nytt gangfelt med forsterka belysning.

Fv. 307 Palmafossen skule og Voss Møbel og Tre – Kiwi, Voss

Det er behov for å betre forholda på skulevegen for skulebarn ved Palmafossen skule ved å intensivbelyse to gangfelt. Det er sett av 0,2 mill. kr til tiltaket. På strekninga mellom Voss Møbel og Tre og Kiwi er det mange fotgjengrarar som kryssar vegen og det er behov for å etablere gangfelt. Det vert sett av 0,1 mill. kr til tiltaket i 2015. Totalt set ein av 0,3 mill. kr til tiltaka.

Fv. 48 Gjermundshamn ferjeleie, Kvinnherad

Det vert parkert tett opp til ferjelemmen, noko som fører til ein lite oversikteleg situasjon ved ilandstigning. I avslutninga av ferjeleiet er det ikkje lenger fortau, og dei myke trafikantane må krysse fylkesvegen for å komme over til skule og fortau mot ferjekaien. Det er sett av 0,2 mill. kr til å utbetre kryssingspunkt og regulere parkering i 2015.

Fv. 44 Husnes, Kvinnherad

Det er målt høg fart i gangfelta på Husnes, som ligger i ein 50-sone. For å sikre desse gangfelta er det planlagt å gjere dei om til heva gangfelt. Det vert sett av 0,2 mill. kr til tiltaket i 2015.

Fv. 244 Sagstad skule, Meland

Det er eit farleg kryssområdet ved Sagstad skule. Det er behov for å stramme opp kryssingspunktet og legge fortau med veglys. Det vert sett av 0,7 mill. kr i 2015.

Fv. 565 Hillandsfeltet, Lindås

I tilknyting til bustadfeltet er det eit kryssingspunkt med så mange kryssingar at det er grunnlag for oppmerking av gangfelt. Det vert sett av 0,4 mill. kr til tiltaka.

Fv. 565 Årås, Austrheim

Det er eit kryssingspunkt med så mange kryssingar at det er grunnlag for oppmerking av gangfelt. Det vert sett av 350 tusen kr til tiltaka.

Fv. 564 Fossekrysset, Meland

Det er mange fotgjengarar som kryssar vegen ved Fossekrysset. Det er stor trafikk og høg fart, og det er eit svært trafikkfarleg kryssingspunkt. Tiltaket er øvst i Meland sin trafikksikringsplan. Kryssingspunkt er i 70 km/t - sone og det er behov for planskilt kryssing. Oppstart i 2015 og restfinansiering i 2016. Eit grovt kostnadsoverslag ligg på 3,5 mill. kr. Det vert sett av 1 mill. kr i 2015 til prosjektering og oppstart på hausten. Dei resterande midlane vert sett opp i 2016 når kostnadsoverslag er gjort.

Fv. 546 Storebø, Austevoll

Det er tre kryssingspunkt på Storebø der det er mange kryssingar. Det er behov for å etablere eitt nytt gangfelt (inklusiv fartsdemping), samt fartsdemping ved to eksisterande gangfelt. Det vert sett av 0,5 mill. kr i 2015.

Fv. 545 Justadgjerdet, Stord

Det er eit mykje nytta gangfelt med høgt fartsnivå ved Justadgjerdet. Det trengs fartsregulerande tiltak og intensivbelysning. Det vert sett av 0,4 mill. kr til tiltaket.

Fv. 552 Os sentrum, Os

Det er behov for å sikre eit kryssingspunkt på gang- og sykkelveg nord for Os sentrum. Det vert sett av 0,3 mill. kr til tiltaket.

Siderekkverk

Div siderekkverk

Det er behov for å sette av midlar til å betre siderekkverket langs fylkesvegane. Det vert sett av 1,15 mill. kr til dette i 2014.

Gang- og sykkelveg

Fv. 572/301 Bru over Gauro og Vambselva, Ulvik

Det er to bruer på strekninga som det er behov å utbetre tilhøva for mjuke trafikantar. Det vert sett av 0,5 mill. kr til tiltak på bruene.

Utbetring av ulykksepunkt

Fv. 569 Tretteneset, Vaksdal

Det har vore ei utforkøyring med dødsulykke på strekninga, og det er behov for å heve rekkverket på nokre strekningar. Totalt vert det sett av 0,5 mill. kr.

Fv. 7 Ålvik, Kvam

Det har vore ei utforkøyring med dødsulykke på strekninga, og det er behov for å utbetre rekkverket. Det er sett av 0,5 mill. kr til oppsetting av nytt brurekkverk.

Diverse utbetring av ulykkespunkt

Det behov for å setje av 0,8 mill. kr til tiltak etter ulykker.

Vegbelysning

Fv. 391 Mundal – Leknes

Skulevegen er dels smal utan langsgåande tilbod til fotgjengarar. Arbeidet starta i 2014. Det er behov for å sette av restfinansiering på 150 tusen kr.

Fv. 49 Gjerstad – Gersvik, Tysnes

Tysnes kraftlag har søkt om å få bygge og drive ei fortetting av eksisterande veglys langs strekninga. Det vert sett av 0,75 mill. kr som eit tilskot til arbeidet.

Fv. 310 Bordalen (Rokne – Haug), Voss

Det er behov for å sette opp veglys langs strekninga frå Rokne til Haug. Det vert sett av 0,6 mill. kr til tiltaket.

Fv. 565 Manger – Marås, Radøy

Det er mangelfullt tilbod for mjuke trafikantar langs ei strekning på 350 meter. Det er mange avkjørslar og lite oversiktelege svingar. Det er behov for å sette opp veglys. Det vert sett av 0,25 mill. kr til tiltaket.

Vegbelysning Sunnhordaland, Sveio/Stord/Fitjar

Det er 10 gangfelt gjennom Leirvik sentrum som det er behov for å intensivbelyse og sette opp LED-skilt. Det er behov for å sette av 0,8 mill. kr i 2015 og 0,7 mill. kr i 2016. Det er også behov for oppgradering av gangfelt med intensivbelysning og LED-skilt i og rundt Sagvåg sentrum. Det er behov for 0,5 mill. kr i 2015. I Fitjar sentrum er det behov for oppgradering av eit gangfelt med intensivbelysning og LED-skilt. Det vert sett av 0,2 mill. kr til dette i 2015. I tillegg pågår det utbetring av vegbelysning på Fv. 9 Tittelnes som enno ikkje er ferdig. Det kjem reststrekningar på 1 mill. kr. Totalt set ein av 2,5 mill. kr i 2015 og 0,7 mill. kr i 2016 til tiltaka.

Andre utbetringar på veg

Strakstiltak i samsvar med Ts-plan, Austrheim

Kommunen har fleire strakstiltak i trafikksikringsplanen som det er behov for å gjennomføre. Det vert sett av 0,2 mill. kr i 2015 og 0,5 mill. kr i 2016.

Strakstiltak i samsvar med Ts-plan, Lindås

Kommunen har fleire strakstiltak i trafikksikringsplanen som det er behov for å gjennomføre. Det vert sett av 0,4 mill. kr i 2015 og 0,5 mill. kr i 2016.

Diverse sikt, skilting og sikring av kryssingspunkt, Bergensområdet u/ Bergen kommune

Det er behov for å gjere tiltak på fleire fylkesvegar for å betre sikt, skilte og sikre kryssingspunkt i kommunane Os (0,2 mill. kr), Osterøy (0,5 mill. kr), Sund (0,25 mill. kr), Fjell (1,0 mill. kr) og Øygarden (0,1 mill. kr). Det er behov for å sette av totalt 2,1 mill. kr i 2015, 2,2 mill. kr i 2016 og 1,5 mill. kr i 2017.

Fv. 48 Gaupholm, Fusa

Ved Gaupholm er det ei strekning på 4 km der det er behov for å utbetre djupe grøfter for å sikre at utforkøyringar ikkje får alvorlege konsekvensar. Det vert sett av 0,35 mill. kr til tiltak på strekninga.

1.3.3 Gang- og sykkelvegar

Små og mellomstore gang- og sykkeltiltak vert prioritert innafor programposten. Større og samansette tiltak vert prioritert som sjølvstendige prosjekt. Det er svært stort behov for gang- og sykkeltiltak.

Målsetjingar i RTP 2013 -2024 vert vektagde:

- Samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5 000 innbyggjarar.
- Betre og meir samanhengande gang- og sykkelvegar rundt skular og andre målpunkt for barn og unge.

Tiltak som er høgt prioriterte i kommunale trafikksikringsplanar eller inngår i overordna sykkelruter vert høgt prioriterte.

Tabell over prioriterte tiltak (tal i 1000 kr)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løyving 2015	Eksterne midlar	Til disp. 2015
570	Sandnes skule	Masfjorden	6 000	1 000	7 000
49	Lidarende	Kvam	750		750
7	Granvin skule - kollektivknutepunkt	Granvin	250		250
44	Bognes	Kvinnherad	500		500
Fleire	Skilting av nasjonal sykkelrute 4 og 6	Fleire	700		700
Div	Diverse mindre gs-tiltak		800		800
SUM Gang- og sykkelvegar			9 000	1 000	10 000

Prioriterte prosjekt i 2015

Fv. 570 Sandnes skule, Masfjorden

Vegen forbi Sandnes skule er smal er prega av ferjetrafikk til og frå ferja på Masfjordnes. Det er 40-sone og fartsdemparar forbi skulen, men det er ikkje tilfredstillande tilbod for gåande og syklande.

Det er derfor behov for å etablere gang- og sykkelveg. Tiltaket er høgt prioritert i kommunal Ts-plan. Prosjektet var også prioritert i 2014, men planlagt byggearbeid er utsett til 2015 då prosjektering har teke lenger tid enn først føresett. Kostnaden er estimert til totalt 7,0 mill.kr. Kommunen gjev tilskot på 1 mill. kr.

Fv. 49 Lidarende, Kvam

Det står att ei strekning mellom Norheimsund og Tørvikbygd med gang- og sykkelveg for at det skal verte ein samanhengande gang- og sykkelveg heile strekninga. Reguleringsplan er ferdig. Kostnadsoverslaget er på totalt 8,75 mill. kr. Kommunen ønskjer at tiltaket vert prioritert og ønskjer å forskotere delar av tiltaket. Ein set opp 750 tusen kr til prosjektering av tiltaket i 2015. Vidare finansiering må avklarast i byggeprogram for 2016.

Fv. 7 Granvin skule – kollektivknutepunkt, Granvin

Det er behov for å stramme opp avkjørsel og gjere kryssingspunkt meir tydeleg for trafikantane. Tiltaket vert gjennomført parallelt med tiltak innafor Miljø på same strekning. Det vert sett av 250 tusen kr til tiltak.

Fv. 44 Bognes, Kvinnherad

Det føreligg reguleringsplan for opprusting av Fv. 44 og etablering av gang- og sykkelveg av ei lengre strekning i området. Men tiltaket har lågare prioritet enn andre fylkesveg tiltak i kommunen, og det kan gå noko tid før dette vert realisert. Ein vil derfor etablere ca 250 m, enkel gangsti langs eksisterande veg som eit mellombels tiltak. Tiltaket sikrar trygg skuleveg for bebruarane på Bognes og vil vere eit godt tryggingstiltak mellom busetnaden rundt Husnes og eit populært turområde. Tiltaket vert gjennomført på kommunal grunn i samarbeid med kommunen. Det vert sett av 0,5 mill. kr til tiltaket.

Skilting av nasjonal sykkelrute 4 og 6, Fleire kommunar

Vegeigar er forpliktia gjennom tidlegare tverretatleg samarbeid å etablere/utbetre sykkelvegskilting langs nasjonale sykkelrute 4 (Rallarvegen - Raundalen – Eksingedalen – Stanghelle) og rute 6 (Voss – Hardanger – Stord). Det er og behov for betre sykkelvegskilting på nokre andre populære strekningar med omkjøring rundt

tunnelar osv. Tiltaket legg betre til rette for sykling både for turistar og lokale fastbuande. Det er behov for vel 0,7 mill. kr for skiltinga langs fylkesveg i Granvin, Kvam, Jondal, Ullensvang, Ulvik, Voss, Vaksdal og Samnanger i 2015.

Diverse mindre GS-tiltak

Tiltaket omfattar mange små manglar på eksisterande gang- og sykkelvegnett, eller andre mindre tilpassingar som gjer tilhøva for gåande og syklande betre og tryggare. Tiltaka treng ikkje reguleringsplan eller grunnerverv, og krava til prosjektering er minimale. Det vert sett av 0,8 mill. kr til slike tiltak i 2015.

Fv. 160 Grindavoll Ulven Leir, Hjortenvegen-Ådnadalen, Os

Det vart løyvd 2 mill. kr av programområdet for å få samanhengande gang- og sykkelveg langs Ulvenvegen. Nytt kostnadsanslag av Etappe 1 er på 17,7 mill. kr inkludert ny mva. Det er etappe 1. som er strekninga frå Hjortenvegen til Ådnadalen som står att. Etter gamal avtale hadde fylkeskommunen att å betale 1 mill. kr (takast av driftsbudsjett). Etter avtale med Os kommune bidreg fylkeskommunen med tilskotet på 2 mill. kr som vart løyvd i 2014. Os kommune skulle bidra med 3 mill. kr meir i tilskot enn avtalen. Os kommune er byggherre og tek difor kostnadar knytt til meirverdiavgift sidan kommunen får dette tilbake etter kompensasjonsordningane. Os kommune tek risikoen ved eventuelle overskridinger. Os kommune kom ikkje i gang i 2014. Det er usikert når dei kjem i gang med tiltaket og det vert difor ikkje sett av fylkesmidlar i 2015. Om Os kommune kjem i gang med tiltaket så vil fylkeskommunen følge opp sin del av avtalen.

1.3.4 Miljøtiltak

På vegnettet i Hordaland er det behov for diverse miljøtiltak som opprusting av miljøgater, rasteplassar og enkelte støydempande tiltak. Arbeidet med Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 og tilhøyrande tiltaksprogram vil konkludere med vannforvaltningstiltak som må finansierast over programområdet for miljøtiltak.

Kriteria for prioritering av rasteplassar etc.:

- Toalett med innlagt vatn
- Plassar som er begynt på, men ikkje ferdigstilte
- Universell utforming av toalett/servicebygg
- Trafikkmengde
- Total dekning i områda for driftskontraktane
- Turistvegstrekning

Det kan verte aktuelt med nyetablering av rasteplassar og større opprusting av eksisterande rasteplassar.

Avgrensing av støyplagar er eit viktig innsatsområde innafor klima og miljø. Forureiningslova krev tiltak når veganlegg fører til støynivå høgare enn 42 decibel innandørs.

Frå V-støykartlegging og – berekning etter 2012 i Hordaland har vi langs fylkesvegar ikkje fleire hus som står "på vent" for gjennomføring av tiltak. Det vil og verte gjennomført ei registrering/kartlegging i høve til eksisterande støyskjermar. Det kan verte utbetingar i samband med dette.

Det er vidare trøng for at det står ein pott som ikkje er øyremerka eigne prosjekt, for å kunne handtere uføresette hendingar eller ha handlingsrom i tilfelle enkelte prosjekt blir meir kostnadskrevjande.

Tabell over prioriterte tiltak (tal i 1000 kr)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løyving 2015	Eksterne midlar	Til disp. 2015
Opprusting rastepllassar					
555	Eide	Sund	2 000	1 000	2 000
48	Holmefjord	Samnanger	2 000		2 000
Siktrydding					
	Diverse siktrydding for å hindre viltpåkøyring		300		300
Andre miljøtiltak					
7	Miljøgate	Granvin	300		300
SUM Miljøtiltak			4 600		4 600

Prioriterte prosjekt i 2015

Fv. 555 Eide, Sund

Etablering av rastepllass på Eide har ei kostnadsramme på om lag 3 mill. kr. Fylket bidreg med 2 mill. kr og kommunen med 1 mill. kr. Kommunen er byggherre og difor vert tilskotet berre det fylkeskommunale tilskotet ført opp i budsjettet.

Fv. 48 Holmefjord, Samnanger

Det er behov for å sette opp nye toalett på rastepllass i Holmefjord. Totalkostnad vil være 2 mill. kr. Ein kan kome i gang i 2015 og slutføre tiltaket i 2016. Det er behov for 2 mill. kr i 2015.

Siktrydding

Det er stor behov for rydding av sikt for å hindre påkjørslar av vilt. Det vert føreslått ein løyving på kr. 0,3 mill. til dette i 2015.

Fv. 7 Miljøgate, Granvin

Fartshumper gjennom miljøgata fungerer ikkje etter hensikta etter reasfaltering. Det er behov for å utbetre humpane. Tiltaket vil koste om lag 0,3 mill. kr.

1.3.5 Mindre utbetingar

Mindre utbetingar er prosjekt som ikkje direkte fell under nokre av dei andre programområda. Mange av desse prosjekta vil likevel kunne ha positive verknader for mål som ligg under andre programområde.

Tabell over prioriterte tiltak (tal i 1000 kr)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løyving 2015	Til disp. 2015
49	Holmalia	Tysnes	2 000	2 000
107	Jondal fergekai	Jondal	8 000	8 000
49	Bruvik	Osterøy	4 000	4 000
SUM Mindre utbetingar			14 000	14 000

Prioriterte prosjekt i 2015

Fv. 49 – Holmalia, Tysnes

På Fv. 49 ved Holmalia er det bratt og smal vegbane, noko som medfører at det ofte blir problem vinterstid, spesielt for tunge køyretøy. Det er behov for å utbetre nokre svingar og lage nye møteplassar på strekninga på ca. 600 m. Det er i tillegg naudsynt å sikre vegen ved å sette opp rekkverk. Kostnaden er rekna til vel 6 mill. kr. Arbeidet kom i gang i 2014 og det går med 4 mill. kr. Det er behov for å løyve 2 mill. kr til å slutføre prosjektet i 2015.

Prosjektet vert bygd samtidig med g/s – veg prosjektet på Uggdal-Uggdalseid.

Fv. 107 - Jondal ferjekai, Jondal

Etter opning av Jondalstunnelen er det behov for fleire oppstillingsplassar på Jondal ferjekai. Ein må rive bankbygget og lage fleire plassar. Det totale kostnadane er berekna til 12,1 mill. kr. Dette inkluderer oppstillingsplass, fortau, grunnerverv, riving av bankbygg, tekniske installasjonar, belysning og støytiltak. I 2014 vart tiltaket prosjektert og bankbygget erverva. I tillegg vil ein gjere grundige grunnundersøkingar for å undersøke kva eventuelle kostnadar med eit servicebygg vil være. I 2015 vil anleggsarbeidet starte og det er behov for å sette opp 8 mill. kr.

Fv. 360 - Bruvik, Osterøy

Bruvik sentrum er ikkje godt tilrettelagt for myke trafikkantar. Det vil bli gjennomført tiltak for å betre forholda. Prosjektet vert samordna med det strekningsvise prosjektet Hosanger sentrum. Det vert sett av 4 mill. kr til tiltaket i 2015.

1.3.6 Innløysing av hus/ eigedomar

Det er ikkje venta kostnadar til innløysing av hus/eigedomar i 2015, og posten er difor ikkje med på plan- og byggeprogrammet 2015.

1.4 Refusjonar

Forskottingar som skal tilbakebetalast i 2015 utgjer 44 mill. kr. Prosjekt som skal refunderast i 2015 er:

Fv.	Forskottert av	Prosjekt	Ref. 2015
562	Askøy kommune	Haugland, Fauskanger, Juvik	5 000
565	Austrheim kommune	Årås - Heiane	2 000
188	Bergen Kommune	Sædalsvegen	15 000
559	Fjell kommune	Fjell - Ulveset	5 000
209	Fjell kommune	Foldnes - Våge	2 000
122	Fusa kommune/Fusa kraft m.fl.	Fusa - Strandvik I	3 000
48	Fusa Kraftlag/Frank Mohn Fusa AS	Moshovdatunnelen	5 000
57	Lindås kom. og 28 verksemder	Espeland - Herland	5 000
564	Meland kommune	Fløksand - Orrhøyen	2 000
Sum Refusjonar			44 000

1.5 Standardhevingstiltak – finansiert med statleg tilskot

I forslaget til Regional Transportplan og Økonomiplan for 2015-2018 er det ført opp ein budsjettpost til standardheving eller «investeringar med vedlikehaldskarakter». Bakgrunnen for budsjettposten er ønske om å redusere forfallet på vegnettet.

Tabell over standardhevingstiltak (tal i 1000 kr)

Fv.	Prosjekt	Kommune	Løyving 2015	Eksterne midlar	Til disp. 2015
	Bruer og ferjekaier		27 400		27 400
62	Syndes Fk	Kvinnherad			
555	Hjellestad Fk	Bergen			
556	Klokkarvik Fk	Sund			
126	Varaldsøy	Kvinnherad			
550	Alsåkerelven bru	Ullensvang			
49	Bru bru	Kvam			
345	Modalen 6 bruer	Modalen			
344	Hundalselva I og II	Vaksdal			
550	Utne fergekai servicebygg	Ullensvang			
	Tunnelar		44 000		44 000
57	Lyngfjelltunnelen - oppgradering	Lindås			
121	Vetlehovda- tunnelen	Fusa			
207	Bjørøytunnelen	Fjell			
540	Løvstakken	Bergen			
566	Tirsåstunnelen	Osterøy			
49	Stussvikhovda	Kvinnherad			
383	Trysdalstunnelen	Masfjorden			
7	Hagarås og Liarostunnelen	Samnanger			
	Diverse tiltak etter tunnelforskriften				
	DAB i tunnelar med naudnett				
	Murer, kantar, diverse		49 600	5 000	54 600
374	Bogslia	Masfjorden			
57	Trædalseggje	Masfjorden			
391	Leknes - Hegertveit	Lindås			
48	Hatlestrand	Kvinnherad			
48	Øpstebø - Gjermundshamn	Kvinnherad			

47	Vågselva	Sveio			
134	Frøland - Kvitingen	Samnanger			
314	Dale - Hamlagrø - Bulken	Vaksdal			
	Stor-Bergen				
	Asola-området				
107	Saltkjelen - Jondal	Jondal			
550	Digarnes	Jondal			
550	Skiparvik - Nå	Ullensvang			
550	Grimo - Langasete	Ullensvang			
57	Reinsk og sikring	Lindås			
569	Dalseide - Modalen	Vaksdal/Modal			
310	Haugamoen Rong	Voss			
	Rekkverk NMS				
	Div vegar og haldeplassar i Nordhordland				
	Utbetring av murar og kantar				
SUM Standardheving			121 000	5000	126 000

Ved prioritering av tiltaka er det lagt til grunn følgjande føringer:

- Gjennomføre dei standardhevingsprosjekta som alt er starta opp
- Trafikksikre og oppretthalde framkomsten på vegnettet
- Opprusting av tunnelar med ex-kablar, lys, nødtelefon, styring, ventilasjon, PE-skum, vannsikring, reinsk,
- Ta att forfallet på bruer, murar, kantar, grøfter mv

I forslaget til 2015 er det sett av 86 mill.kr til standardhevingstiltak. Behovet for tiltak på fylkesvegane er stort, men vi har tilpassa tiltaka til den økonomiske ramma som er stilt til disposisjon.

For 2015 er det lagt opp til å gjennomføre følgjande tiltak:

Bruer og ferjekaiar

I 2015 tek ein sikte på å bygge om heissystemet på nokre ferjekaiar til hydraulisk heving. På Varaldsøy ferjekai vil søyler i sjøen verte reparert. Samla kostnad knytt til ferjekaiane er rekna til ca 6,5 mill.kr.

Prosessen med å få godkjent ombygging av Alsåkerelva bru og Bru bru har teke lang tid. No er dette på plass og prosjektering/utarbeidning av anbodsgrunnlag er i gang. Etter planen vert arbeidet på desse bruene ferdigstilt i 2015. I tillegg vert det gjort mindre reperasjonsarbeid på fleire mindre bruer. Rekkverket på mange bruer er både lågt og dårlig. Det vert lagt opp til at det kjem nytta rekkverk på fleire bruer. Skifting av rekkverk vil halde fram også i 2016.

Tunnelar

Tunnelsikkerhetsforskriften som gjeld for riksvegar omfattar tunnelar med lengde over 500 meter på det trans-europeiske vegnettet (TERN). Føresegna gjeld for tunnelar som er i bruk, under bygging eller på prosjekteringsstadiet. Førebels veit ein ikkje korleis føresegna for fylkesvegar vil bli utforma, difor vert føresegnene som gjeld for riksvegane lagt til grunn.

I Hordaland er det 125 tunnelar på fylkesvegane med ei samla lengde på ca 67,5 km. Av desse er det 36 tunnelar som er over 500 meter. På standardhevingsposten vert det sett av 44 mill.kr til tunnelopprusting og for å imøtekomme tunnelføresegna (sikkerhetskontrollar, periodiske inspeksjonar, sikringstiltak).

Forfallet på installasjonar i tunnelane er stort. Det er behov for å skifte ut ex-kablar, lysarmatur, brannventilasjon, nødtelefonar, styring av ventilasjon og signallys. Det er også behov for å sikre tunnelane mot nedfall ved reinske og bolting av lause parti. Vidare er det naudsynt med utskifting og tildekking av vass og sikringsplater (PE-skum).

I 2014 vart det installert digitalt naudnett i tunnelar over 500 m, og med meir enn 5000 ÅDT eller der det var analogt nett. I 2015 tek ein sikte på å starte med installering av DAB radionett i desse tunnelane. Det vert sett av ca 2,5 mill.kr til dette arbeidet i 2015 og resten vert må gjerast i 2016.

Regjeringa varsler i statsbudsjettet at fylkeskommunane får meirutgifter som følgje av at «Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse veitunneler for fylkesvei og kommunal vei i Oslo» vert sett i verk.

For 2015 er det i statsbudsjettet sett av kompensasjon på 272 mill. kr til desse meirutgiftene. Planen er at krava i forskriften skal vera oppfylte innan utgangen av 2019. Summen på 272 mill. kr er kome fram ved å sjå på samla lengde tunnelløp i aktuelle fylke som krev tryggleikstiltak i samsvar med forskriften.

Hordaland fylkeskommune har fått kr 39 259 000 kr til å gjennomføra tryggingstiltak i tunnelar i 2015.

Murar, rekkverk, kantar og grøfter

Det er stort behov for utbetring av murar og kantar for at vegen ikkje skal skli ut. Det er også viktig å utbetre grøfter og stikkrenner slik at vatnet vert drenert bort frå vegkroppen. Dei største utbetringstiltaka i 2015 vert på Fv. 314 Dale – Hamlagrø – Bulken og Fv. 107 Frøland – Kvitingen. På den siste strekninga yter BKK eit tilskot på 5 mill.kr i 2014 og 5 mill.kr i 2015.

Mykje av fylkesvegnettet har dårlig rekkverk mot utforkøyring. Mange stader er det gamle mur-rekkverket så lågt at det ikkje oppfyller funksjonen, og mange stader det ikkje rekkverk. I 2015 vert det lagt opp til å skifte ut/sette opp nytt rekkverk på nokre strekninga. Ein reknar med å nytte ca 9 mill.kr i 2015 til rekkverk, noko som tilsvarer ca 9 km.

I Nordhordland er det behov for å utbetre kantar, murar og haldeplassar på mange av dei gamle fylkesvegane. Det vert sett av 8 mill.kr til desse tiltaka.

2.0 Planprogram 2015

Totalt vert det fremma eit forslag om ei løyving til planlegging i 2015 på **14,8 mill. kr.**

Fv. 562 Juvik (Lavik) – Haugland, Askøy

Strekninga er prioritert i Askøypakken. Reguleringsplanarbeidet vil verte ferdig i 2015.

Fv570 Einestrond – Nordre Kvinge, Kjekallevågen bru – Masfjordnes, Masfjorden

Strekninga mellom Kjekallevågen bru og Masfjordnes er på det overordna fylkesvegnettet og har parti som er spesielt smal og svingete med fleire standardsprang og ulykkespunkt. Det vert planlagt for å kunne utføre utviding av vegbredde til to felt på parsellar der krav til møtesikt ikkje er oppfylt i dag, skogsrydding utan vegutviding for å oppnå møtesikt og mindre omlegging av vegen ved Søre og Nordre Kvingo. Forprosjekt for utgreining av kva som må til for tilpassing av standard for å ha ein to-felts veg er ferdig utarbeida, og kommunen startar arbeid med reguleringsplan i 2013. Tiltaket vert ført opp då Svv vil bidra med eit mindre tilskot og hjelpe til planarbeidet.

Fv. 561 Kolltveit – Ågotnes, Fjell kommune

Tilførselsveger til Sotrasambandet på planleggast. Kommunen planlegger, men Svv stiller med ressursar inn i dette arbeidet. Difor er det behov for å sette av midlar. Oppstart av reguleringsplan basert på godkjent kommunedelplan.

Fv. 555 Kolltveit – Austefjorden, Fjell og Sund

Tilførselsveger til Sotrasambandet må planleggast. Kommunen planlegger, men Svv stiller med ressursar inn i dette arbeidet. Difor er det behov for å sette av midlar. Oppstart av reguleringsplan basert på godkjent kommunedelplan.

Fv. 57 Skodvin skule – Vågseid, Lindås

Gang- og sykkelveg – manglar tilbod til gåande og syklende. Vi har utkast til plan, men treng å få denne oppdatert og vedtatt.

Fv. 57 Lindås - Austrheim grense (gs-veg), Lindås

Strekninga frå Lindås og frem til Mongstad har stor trafikk og ikkje godt nok tilbod for mjuke trafikantar. Det er mange trafikkulykker her. Ein har behov for ein plan for å utbetre veg.

Fv. 565 Ny Alversund bru med veg, Lindås

Alversund bru er einvegs køyrd og lysregulert. Dette er ei gamal bru som snart når sin levealder. Det er også stor trafikk og brua er ein flaskehals. Prosjektet er omtala i RTP som eit viktig prosjekt på fylkesvegnettet. Ein har behov for ein kommunedelplan.

Fv. 565 Mastrevik-Kilststraumen (med friluftsområde Ulvøy), Austrheim

Denne strekninga er prioritert i trafikksikringsplanen til Austevoll kommune. Tiltaket dreier seg om å utbetra vegen med gang- og sykkelveg langs den 3,6 km lange vegen. Austevoll kommune har søkt om tilskot til planmidlar for detaljregulering av dette tiltaket. Hordaland fylkeskommune ser at dette tiltaket er viktig å få fram og vil bidra med inntil 500 tusen kr til kommunens planarbeid.

Fv- 564 Flatøy terminal og innfartsparkering

Prosjektet ligg inne i forslag til Nordhordlandspakken. Reguleringsplanarbeidet kan kome i gang i 2015.

Miljøtiltak - problemkartlegging

I arbeidet med regional plan for vassregion Hordaland 2016-2012 med tiltaksprogram er det behov for å kartlegge behov for tiltak på fylkesvegane.

Fv. 47 – Sveio - Nordre avkjørsel til Sveio sentrum, Sveio

Det er behov for å utbetre vegen frå Fv. 47 mot Sveio sentrum og etablere gang- og sykkelveg. Vegen er på det overordna vegnettet.

Fv. 545 Kommunegrensa, Fitjar/Stord

Utbetring ved kommunegrensa mellom Stord og Fitjar er planlagt finansiert gjennom bompengepakken Stord vestside. Reguleringsplanarbeidet vert starta opp dersom innkrevjingstida vert forlenga med to år. Søknad om forlenging er sendt til behandling i Stortinget.

Fv. 544 Vabakken – Leirvik sentrum – Ålland bru

I høve arbeidet som pågår om ein bompengesøknad for Stord (Stordpakken), er det behov for å utreda utbetringstiltak og planlegge samanhengande gang- og sykkeltiltak frå Vabakken gjennom Leirvik sentrum og til Ålland bru. Det er engasjert konsulent for arbeidet. Om nytt kollektivknutepunkt i Leirvik vert ein del av det aktuelle planområdet, må dette vere ein del av planarbeidet. Planarbeidet starta i 2014 og må ha sluttøyning i 2015.

Fv 6 Grimstveit – Sveio sentrum

Strekninga mellom Buamyr og Grimstveit vert utbetra i 2015. Det er også behov for å utbetre strekninga vidare frå Grimstveit til Sveio sentrum. Det manglar reguleringsplan og det er behov for å sette av 1 mill. kr til planarbeidet.

Sykkelbyavtale Stord

Fylkeskommunen og Statens vegvesen er med i sykkelbyprosjektet på Stord. Det må settast av midlar til planlegging både over fylkesvegbudsjettet og riksvegbudsjettet.

Fv. 48 Håland – Skånevik, Etne

Det pågår eit arbeide for å vidareutvikle planar for utbetring av eksisterande veg. Ein ser på kurveutbetringer og breddeutviding. I løpet av 2014 vil ein ha klar planar for etappevis utbetring.

Føremålet er å kome fram til ei prioritering av etappevis utbetring av strekninga Skånevik – Håland. Seint i 2015 reknar ein starte opp med ei geologisk undersøking på dei strekningane med høgst prioritet, før ein eventuelt går vidare med nødvendig regulering.

Diverse planprosjekt

Planlegging av mindre prosjekt som normalt påløper gjennom året, samt som finansiering av meirkostnader for slutføring av pågående prosjekt som var forventa å bli avslutta året før, - men blir dradd inn i neste året utan eigen løying. Det kan være mindre programområdetiltak som vert foreslått på byggeprogrammet 2016. Det kan også være behov for nye reguleringsplanar. Aktuelle reguleringsplanar som kan kome i gang i 2015 dersom det føreligg finansieringsplan på sikt, er Fv 542 Miljøgate Svortland sentrum og Fv. 23 Tverråna-Alsvågkrysset.

Planarbeid strekningsvise utgreiinger

Det skal pågå arbeid med strekningsvise utgreiinger for det overordna fylkesvegnett for flere ruter i Hordaland. Avsett plankostnad er meint der det er behov for detaljering/fagspesifikke tjenester fra ressursavdeling eller konsulent.

Nasjonale sykkelruter-skiltplaner

Det er behov for å utarbeide skiltplanarbeidet på rute 4 og 6. Arbeidet er i gang og vert ferdig i 2015.

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune har ansvar for at fylket har eit funksjonelt transporttilbod med bil, bane, båt og buss.

Vi driftar, planlegg og utviklar kollektivtilbodet og fylkesvegane for at folk skal reise trygt og miljøvennleg til jobb, skule og fritidsaktivitetar.



Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

www.hordaland.no

Oktober 2014
Samferdselsavdelinga